

1974-75-76



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI— FRI-IDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
3800 BØ I TELEMARK

ÅRSMØTE I IL SKARPHEDIN

TYS DAG 29. NOVEMBER 1983

SANDVOLL

DAGSORDEN/PROGRAM:

1. Åpning.
2. Konstituering.
val av ordstyrar
val av sekretær
val av to til å skrive under protokollen
3. Årsmelding.
4. Rekneskap.
5. Framlegg:
 - a. oppløysing av Sandvollstyret
 - b. trimutvalet representert i hovudstyret
6. Val.

Mat og drikke.

7. Idrettspolitik i Bø i dag.
Innlegg ved Asbjørn Josefsen (A)
og Frode Lieungh (H).
Diskusjon.



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI — FRI-IDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
3800 BØI TELEMARK

IL SKARPHEDIN

ÅRSMELDING 1983.

| | |
|---------------------|--|
| FORMANN: | Olav Solberg |
| NESTFORMANN: | Tore Bjørn Pettersen |
| SEKRETER: | Ellen Røttingen |
| KASSERAR: | Arne Bergan |
| STYREMEDLEM: | Per M. Holtung |
| VARAMEDLEMER: | Magnhild Sanden Bergit Griver Forberg |
| REVISORAR: | Ingvald Øya Jørgen Nymo |
| KONTAKTUTVAL: | Tore Bjørn Pettersen |
| REKNESKAPSFØRAR | |
| FOR LYSLØYPA: | Roald Vreim |
| SANDVOLLSTYREREPR.: | Magne Bergskås |
| KONTAKTMANN | |
| FOR UTDANNING: | Olav Solberg |
| 17.MAI-NEMND: | Vidar Ringstad Synøve Valen Strand Gunhild Glenna |
| VALNEMND: | Gerd Evelyn Flaen Åsne Brennekåsa Trygve Espedalen |

I 1983 har det vore halde seks møte i hovudstyret, og tretti saker har vore handsama. I arbeidsutvalet har det vore halde to møte. Nokre saker har vore sendt på sirkulasjon til fråsegn.

MEDLEMER

Medlemstalet ligg på om lag det same som førre året, dvs. kring 700. Nokre av namna på medlemslistene er nok folk som har flytt frå bygda, og styret treng hjelp frå særgruppene for å halde orden på kven som er reelle medlemmer. Medlemskontingenten har vore den same for alle uansett alder, sidan formuleringa i Skarphedins lover om lågare kontingent for medlemmer under 17 år vart strøken på siste årsmøte.

GULLBRINGOMRÅDET

Arbeidet med å få Gullbringområdet sett i stand i samsvar med den vedtekne reguleringsplanen er ført vidare i år. I samarbeid med teknisk etat har Gullbringnemnda kostnadsrekna ballbanen i området og kome til ein sum på 210 000 kroner som skal dekkje alle utgifter i samband med banen. Skarphedin har søkt STUI om 80 000 kroner og BØ KOMMUNE om eit tilsvarande beløp. Resten må dekkjast ved dugnad eller på annan måte. Planeringa av banen er såvidt komen i gang, og likeeins har arbeidet med det nye barnehagebygget i Gullbringområdet teke til. Det er nå klart at barnehagebygget blir reist med full kjellar der det kan innreiast garderobår for dei som brukar idrettsanlegga. Dersom Skarphedin får tilført dei midlane det er søkt om, skulle det vere gode voner om at ballbanen i Gullbring kan bli klar i 1984. Det vil bety eit stort framsteg for laget.

SANDVOLL

Også på Sandvoll har noko skjedd i året som gjekk. Anlegget ber nok framleis preg av sterk slitasje på grunn av lang tids overbelastning på gras og grus. Men med det nye gjerdet og den nye porten som er sett opp, verkar anlegget trivelegare frå utsida i alle fall. Når parkeringsplassen og treningsbanen er ferdige, vil inntrykket bli enda meir positivt. Men før ein kjem fram til ei løysing på spørsmålet om bruksretten til området og får kjøpt ut tråvarlaget, kan ein ikkje få noka endeleg utbygging og istandsetjing av Sandvollanlægget. Å løyse Sandvollsaka bør bere eit hovudmål for Skarphedin - og BØ KOMMUNE - i tiåa frametter.

NYE NEMNDER OG UTVAL

I året som gjekk har det nye TRIMUTVALET kome godt i gang med arbeidet sitt. Det har blitt eit relativt breitt utval med ti medlemmer. Trimutvalet har hatt ansvaret for idrettsmerkeprøvene. Folkderifrå har også vore aktivt med på andre trimtiltak, særskilt Bø-marsjen, Junispretten og K-joggen. På bakgrunn av røynslene frå i år kan vi seie at TRIMUTVALET fyller viktige idrettsoppgåver.

Det har også blitt sett ned ei JUBILEUMSBOKNEMND som skal førebu og skaffe fram ei jubileumsbok i samband med Skarphedins 100års-jubileum i 1991. Førebels har nemnda hatt eitt konstituerande møte der ein drøfta nokre av dei arbeidsoppgåvene som det hastar mest med, særleg å intervjue eldre Skarphedinmedlemmer og andre bygdefolk. Dette arbeidet har kome i gang.

Hovudstyret har dessutan i året som gjekk drøfta tanken om ei fast ANLEGGSNEMND. Ei slik nemnd kunne t.d. ha som oppgåve å foreslå prioritering mellom dei ulike anleggsalternativ som finst i idrettslaget. Elles ville det truleg vere eit naturleg ansvarsområde å ha eit særskilt ansvar for å planleggje og gjennomføre anlegg som er i gang. Hovudstyret vil kome tilbake til denne saka på nyåret.

TRIM OG TUR

BØ-MARSJEN vart i haust arrangert for fjerde gong. Det skjedde den 9. oktober med start frå Folkestad skule. Dei to løypene gjekk i Liheiområdet og rundt Breskelia. Vel 200 deltakarar var med og gjekk i det fine haustveret. Neste år jubilerer BØ-MARSJEN - med ny femårsmedalje for veteranane.

Eit anna trimtiltak som har vore arrangert i året som gjekk, er JUNISPRETTE. Dette trimarrangementet, ein naturstig med postar og innlagde konkurransar, gjekk av stabelen den 11. juni med start på Kåsinjordet i Breisås. Veret var grått og kaldt, men 100 deltakarar var med på naturstigen og atskillig fleire rusla rundt på Kåsinjordet og lytta ~~til~~ hornmusikk.

Folk som har ferdast på Bø-vegane nå i haust, særleg i kveldinga, har kanskje møtt ein flokk med spreke joggarar, mest jenter. Dette er ikkje kven som helst, men K-joggarar!

K-JOGGEN (K står for kondis) er eit mosjonstiltak som starta nå i haust. Det blir drive av medlemmer av trimutvalet og skal førebels gå fram til nyttår.

INGEN DANS PÅ ROSER:

Det er gammal tradisjon at Skarphedin har stelt til dansefestar på Sandvin for å skaffe inntekter til drift av laget. I det siste er det likevel bare to av gruppene - ski og fotball - som har halde fast på ordninga, og heller ikkje desse gruppene har vore ivrige arrangørar. Det er særleg to grunnar til det. For det første er utgiftene i samband med festarrangement så store at det lett blir lite fortjeneste i forhold til innsatsen. Og for det andre har det vist seg at Sandvinfestane har utvikla seg til bråk- og fylleorgiar der dei fleste deltakarane er ungdom.

Dette er bakgrunnen for at hovudstyret har bede ski- og fotballgruppene om å leggje ned denne typen festarrangement. Styret er glad for at begge gruppene vil prøve å greie seg utan dei tradisjonelle festane som så sterkt bryt med det positive og verdifulle idretten står for. Ei anna sak er det sjøvl sagt å arrangere alternative festar, utan fyll og bråk, noko styret svært gjerne ser blir gjort.

SKÅP OG SKUFF

Det har lenge vore diskutert å få skåp av forskjellige slag i klubbhuset på Sandvoll, dels utstillingsskåp til premiar, dels brannsikert skåp til sikker arkivering av verdifullt materiale (protokollar o.a.). Eit brannsikert arkivskåp er nå innkjøpt til bruk for særgruppene og hovudstyret. Det er plassert på Lasse Langkås' kontor.

Elles har hovudstyret teke kontakt med snekkar for å få laga eit prøveskåp til premiar. Dersom det ser bra ut, er det meininga å plassere premieskåpa på nordveggen i klubbhuset.

SKARPHEDIN OG IDRETTSSSTUDIET VED TDH

Det kan vere vanskeleg å få til organisert samarbeid mellom lag og organisasjonar - som kan ha ulike interesser. Men situasjonen burde likevel tilseie ein livleg kontakt mellom Skarphedin og idrettsstudiet ved TDH. Det er derfor gledeleg at ein slik kontakt meir og meir utviklar seg til nytte for begge partar. Studentar ved idrettsstudiet arbeider t.d. med problem som er aktuelle for Skarphedin, som bane- og anleggsspørsmål. Og laget kan hjelpe idrettsstudiet med å leggje tilhøva til rette for høveleg praksis, som tænarar/instruktørar.

YMSE

Skarphedin var representert med utstilling på kulturdagane 19. og 20. mars som Bø kulturstyre og studentar ved TDH arrangerte.

Skarphedin fekk god plass i den nye felleskatalogen som kom i haust, med presentasjon av særgruppene. Det har heller ikkje i år vore råd å få fastsett treningstidene tidleg nok. Bingosesongen er i gang for Skarphedins vedkomande, frå 1. november til 1. januar.

TAKK

Vi vil frå hovudstyret få seie takk til alle som har arbeidd for Skarphedin i året som gjekk. Det gjeld folk i tillitsverv, foreldre, og andre interesserte. Det gjeld næringsliv og bankar i Bø, og det gjeld også BØ KOMMUNESTYRE som sytte for at barnehagen blir bygd med full kjellar og plass til garderobar.

SAMANDRAG AV ÅRSMELDINGANE TIL SÆRGRUPPENE

FRIIDRETT:

Aktiviteten i friidrettsgruppa har vore om lag som i fjor, med vel 50 aktive. Det er framleis rekruttklassa som tel flest, men dei få aktive i jente- og guteklassene har hevda seg godt i større konkurransar. Både til Donald Duck-leikane og Vesta-Hygea-leikane hadde Skarphedin med to deltakarar. Dette er stemne med dei beste frå heile landet.

I KM for jenter og gutar tok Skarphedin 23 gull, 8 sølv og 4 bronse - dessutan 5 gull og 2 sølv i kvinneklassa.

Tre Skarphedinmedlemer har også fleire av bestenoteringane i kretsen.

Det har vore 6 styremøte og elles vore arrangert 7 stemne i sesongen. For tida har gruppa tre trenarar.

FOTBALL:

Styre: formann Johannes Volleng, nestformann Svein Arne Ufs, kasserar Sigbjørn Tjønnås, sekretær Gunnar Rønningsland, styremedlem Harald Bårtveit.

Fotballgruppa har i år hatt 15 lag med i serien. Laga har til saman spela 281 kampar. Om lag 210 spelarar har delteke og om lag 50 vaksne har hatt tillitsverv i gruppa.

Fotballgruppa har arrangert Bø-dagane, bingo og 2 dansefestar. Elles har gruppa drive kiosken på Sandvoll. Gamlebussen er blitt reparert.

1983 var det andre året av den 4-årige sponsoravtalen med Bø Sparebank. Samarbeidet med banken har gått greitt.

Også denne sesongen har fotballgruppa hatt sponsoravtalar med mange av dei som driv handel i Bø.

HANDBALL:

Styret har halde 7 styremøte. Økonomigruppa har halde basar på Sandvoll, arrangert juletreffest, mannekengoppvisning, halde fleire kakebasarar og hatt sal på handballturneringa som vart arrangert i Bø i august. Det har blitt arrangert to dansetilstelningar på Sandvin i samband med turneringa. Siste sesongen har gruppa kjøpt buss for transport til og frå kampar. Bussen er kjøpt med utgangspunkt i ein reklameavtale med Telemarksbanken. Handballgruppa har nå om lag 150 aktive, fordelte på 13 lag. I den årlege turneringa 7. - 8. august var 16 damelag og 9 herrelag med. Dei fleste laga har vore med på ei eller fleire turneringar. Damelaget vann Våg Cup og har greidd å rykkje opp i 3. divisjon.

SKI:

Styret har hatt fem møte i eit elles roleg år. Av dugnadsarbeid kan nemnast rydding i alpinløypa - med godt frammøte. Langrennstreninga tok til i september, og fleire av langrennsløparane vart tekne ut til langrennsstallen i kretsen. Alpin- og hoppgruppene har også drive godt treningsarbeid. Dessverre skjedde det ei alvorleg ulykke for ein lovande hoppar. Av eigne arrangement kan nemnast landsrennet til skigruppa i februar og kretsmeisterskapen i storslalåm som alpingruppa hadde ansvaret for. Aktive frå langrenns-, hopp- og alpingruppene har elles hevda seg godt i konkurransar.

SYKKEL:

Sykkelgruppa har det 6. driftsåret bak seg og er framleis nøgd med seg sjølv, med hovudvekt på turritt, trimtiltak og miljøskapande verksemd. Leiar og nestleiar frå starten, Arne Kielland og Bjørn Vegum, takka av frå toppverva nå, og jentene stormar fram - med Gerd Evelyn Flaen som ny leiar i spissen. Gerd Evelyn fekk også pokalen som "Årets syklist i Bø 1983", ei utmerking som heng høgt i sykkelgruppa etter at pokalen vart gitt til Rollev Gåra for første gong i 1979.

Sykkelgruppa arrangerte i 1983 helgetur til Danmark (april) med 32 deltakarar. Etter at 160 sykla sjøormtrimmen i sommar (62 km rundt Seljordsvatnet) fekk 28 personar sjøormvase for 5 års sjøormsykling på haustfesten. Bø-tråkken samla 140 i år. Storarrangementet Haukeliruta Odda - Bø gjekk for 3. gong med 242 deltakarar. Sykkelgruppa har laga boka Haukelitråkk som kjem før jul. Meldingslappen kom i år med 10 nummer. Det er halde 8 styremøte.

TURN:

Det har vore bra aktivitet i alle gruppene. Nøstepartiet er stadig populært. Dei to jentepartia som deltar på barneturnstemnet har også god oppslutning. Barneturnstemnet vart halde på Ulefoss i år (i striregn), og frå Skarphedin deltok i overkant av 20 jenter. Jazz-rytmikkpartiet for ungdom mellom 16 og 18 år er meir populært enn nokon gong. I haust var det ekstra gøy at også gutane var med her! Og så er det damene da. Mange er med på trimkveldane, og i haust har vi hoppa på aerobic-bølgja vi også. Blant desse damene finst det ein hard kjerne på ca. 10 stykke som deltar på dameturnstemnet. I år var vi i Sandefjord, der det var storkretsstemne med deltaking frå Telemark, Vestfold og Buskerud. Vi hadde ein flott dag, men vi saknar ein faneberar (mannleg), for Skarphedin-fana er så tung! Økonomisk greier vi oss bra. Mannekengoppvisninga kvar haust hjelper godt i kassa. O elles er vi med på bingoen.

STØTTEGRUPPA:

Det siste året har det vore årsmøte og 2 medlemsmøte. Det har møtt frå 7 til 9 medlemmer på møta. Av inntektsgjevande tilstelningar kan nemnast: Sal av ymse varer på landsrennet 5. febr. på Roheimheia. Inntekta blei 215 kroner. Vidare to kakebasarar i desember 82 og april 83. Den første gav ca. 3300 kroner, den andre vel 3600 kroner. Av midlar som støttegruppa har delt ut er: 3000 kroner i stønad til sportkjelke og varmedressar til snøscooterkjørarane i langrennsutvalet. Det er dessutan vedtatt å setje av 3000 kroner til eit fond som skal brukast til vimpel ved Sandvollporten.

Arrangement der støttegruppa har hatt ansvaret for serveringa:

- 18. nov. 82: avslutningsfest i friidrettsgruppa
- 30. nov. 82: årsmøte i hovudstyret i Skarphedin
- 5. febr. 83: servering av saft til løparane ved landsrennet
- 14. apr. 83: avslutningsfest i skigruppa
- 28. apr. 83: årsmøte i skigruppa
- 11. juni 83: Junisprett i Breisås der vi hjelpte hovudstyret med sal av ymse varer.



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI— FRI-IDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
3800 BØ I TELEMARK

ÅRSMELDING FOR I.L. SKARPHEDIN FRIIDRETTSGRUPPE 1983

Valgte tillitsfolk i 1983:

Styre: Olav Berge (formann), Per Strand (nestformann), Åse Lepperød (kasserar), Ingeborg Engeset (sekretær), Svein Nymoene (styremedl.) Per Holtung (1. varamann), Harald Bårtveit (2. varamann).

Oppmenn: Hilde Verpe (jenter/gutar/sen.) og Bergit G. Forberg (rekruttar).

Stafettutvalg: Reidar Førde, Ola Dvergsdal, Hilde Verpe, Venke Haugen.

Sttestikkutvalg: Gunnhild Forberg, Bente Forberg, Hilde Verpe.

Økonomigruppa: Gunvor Verpe, Synnøve Dolva, Åse Lepperød, Roger Hollup.

Valgkomite: Hans Verpe, Jan Lepperød, Eli Myhre.

Revisor: Ingvald Øya.

Idrettmerkeutvalg: Olav G. Haugen, Olga Haugen, Gunnhild Kinck, Anlaug Vreim.

Idrettsmerkeutvalget har nå gått over til Trimutvalget og hører ikkje lenger under friidrettsgruppa.

Medlemstalet er omlag 60 som før. Når det gjeld aktiviteten, så har den vore omlag som i fjor, bra i rekruttklassane, men få deltakarar i dei eldre klassene. Dei som har vore aktive i jente- og guteklassane har hevda seg bra i større konkurransar.

Det har vore 6 styremøter i løpet av året.

Det vil også i år bli seld julekalender for å styrke økonomien.

Stevner arrangert av Skarphedin i år:

1 seriestevne innandørs

1 kretsstevne "

1 terrengløp, kretsstevne

Sandvollstafetten

1 kretsstevne for rekruttar

2 seriestevner

1 kretsstevne

Dessutan er det i haust i samarbeid med skigruppa arrangert løpskarusell over 4 laurdagar.

Av gode resultat kan nevntast;

Bestenoteringar i kretsen

Bente Forberg 11,26 i 3 kg kule og mangkamp med 4117 poeng, Rune Engeset 60,20 i 600 gr. spyd og 56,48 i slegge (4 kg). Eva Verpe har tangering av rekorden på 100 m med 12.7. *+ 80m Hk - 12.5*

Kretsmesterskap

Under KM for jenter/gutar fekk Skarphedin 23 gull, 8 sølv og 4 bronse og i KM for kvinner 5 gull og 2 sølv. Fordelinga var: Bente Forberg 12 gull og 1 sølv, Rune Engeset 4 gull, 2 sølv og 1 bronse, Irina Telnes 2 gull, 1 sølv og 1 bronse, Eva Verpe 2 gull og 1 sølv, Guro Lepperød 2 gull og 1 sølv, Elisabeth Asphaug 1 gull og 1 bronse, Gunnar Myhre 2 sølv og 1 bronse, Hilde Verpe 4 gull, Venke Haugen 1 gull og Hanne Børte 1 sølv. Dessutan blei det sølv i stafett med Hilde Verpe, Hanne Børte, Venke Haugen og Bjørg Vreim.

Gode Plasseringar i nasjonale og internasjonale stevner:

Donald Duck-lekene

Eva Verpe 4. plass i lengde og 5. plass på 60 m.

Guro Lepperød deltok også i lengde og 60 m.

Veste-Hygea-lekene

Rune Engeset nr. 2 i slegge og nr. 3 i spyd.

Bente Forberg nr. 4 i spyd og nr. 6 i 80 m hk.



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI— FRI-IDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
3800 BØ I TELEMARK

NM i mangkamp

Bente Forberg fekk her ein 3. plass.

Nordisk Mangkamp i Danmark

Bente Forberg nr. 9-

Mangkamp i Sigdal

Bente Forberg og Eva Verpe fekk kvar sin 1. plass.

Øresundspelen

Rune Engeset 4, plass i kule og slegge

Tyrving-lekene

Eva Verpe 1. pl. op 60 m og 8. pl. i lengde

Fevik- stevne

Guro Lepperød 1. pl. på 60 m og 3. pl i lengde

Farris-lekene

Runde Engeset 2. pl. i kule, Bente Forberg 3. pl på 80 m hk og 4. pl. i lengde, Eva Verpe 4. pl på 60 m og 5. pl. i kule.

K-lekene

Eva Verpe 2. pl. på 60 m og i kule, Guro Lepperød 2. pl. i lengde og 3. pl. på 60 m, Irina Telnøs 1. pl. i lengde og 2. pl. på 60 m, Bente Forberg 2. pl. på 1000 m

Bislet

Bente Forberg 3. pl. i spyd, 4. pl. på 80 m hk, Rune Engeset 3. pl. i kule

Rune 1. pl. i kule og 2. pl. i spyd

Eidanger-cup

Bente Forberg nr. 3 på 60 m og i hopp og nr. 1 kast.

TV-Jørgen-cup

Bente Forberg nr. 1 på hekk og 3. pl. i kast. Hilde Verpe 3. pl. i hopp og sprint. Rune Engeset 2. pl. i kast.

Kretskamp

Telemark blei her nr. 1 med 596 poeng. Deltakarar var Irina Telnøs, Eva Verpe, Bente Forberg og Rune Engeset.

Holmenkollstafetten

Damelaget blei her nr. 31

Tvetenstafetten

Damelaget nr. 1 og jentelaget nr. 5

Klosterkollens vårløp

Bente Forberg nr. 1, Gunnar Myhre nr.3, Trond Myhæ nr. 8.

Oslo-maraton (halvmaraton)

Deltakarar: Venke Haugen (nr. 16), Hanne Børte (nr. 27), Dagrunn Hemsøe (nr.4), Arne Lie (nr. 15), Per Holtung (nr. 88), Rune Midtun, Olav Solverg, Odd Tore Slettebø og Arne Kielland.

Distansemerke (for kvinner)

Hilde Verpe (100 m - 12,8 og lengde u.t. 2,50), Bente Forberg (100 m - 12,8, 400 m hk - 65,8, 100 m hk - 17,2, høgde u.t. 1,25) og Eva Verpe (100 m -12,7)

Plakett (gullknappen 3 gonger)

Eva Verpe, Bente Forberg og Rune Engeset



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI— FRI-IDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
3800 BØ I TELEMARK

Klubbmeisterskap (Bømeisterskap)

| | | | | |
|-------------------|--------------------------|--------------------|------|------------|
| Jenter løp I | 1. Eva Verpe | 100 m -13,4 | 916 | p. (f.69) |
| | ↑. Bente Forberg | 100 m hk-16,9 | 916 | " 67 |
| | 3. Guro Lepperød | 200 m -29,5 | 863 | " 70 |
| " " II | 1. Eva Verpe | 800 m -2.57.2 | 623 | " |
| | 2. Irina Telnes | 600 m -2.15.3 | 514 | " 72 |
| | 3. Mona Ufs | 600 m -2.20.5 | 410 | " 72 |
| " hopp | 1. Eva Verpe | 5,14 - lengde | 947 | " |
| | 2. Irina Telnes | 4,03 " | 895 | " |
| | 3. Bente Forberg | 4,94 " | 888 | " |
| " kast | 1. Guro Lepperød | 23,80 - spyd | 844 | " |
| | 2. Irina Telnes | 30,09 - liten ball | 839 | " |
| | 3. Bente Forberg | 10,97 - kule | 822 | " |
| Kvinner løp I | 1. Hilde Verpe | 100 m - 12,8 | 709 | " |
| " hopp | 1. Hilde Verpe | 5,15 i lengde | 712 | " |
| | 2. Gunnhild Forberg | 1,30 i høyde | 488 | (870 vet.) |
| " kast | 1. Hilde Verpe | 21,20 - diskos | 348 | " |
| Gutar løp I | 1. Gunnar Myhre | 60 m - 8,8 | 710 | " 68 |
| | 2. Trond Myhre | 100 m - 16,0 | 680 | " 72 |
| | 3. Rune Engeset | 60 m - 8,9 | 655 | " 67 |
| " " II | 1. Gunnar Myhre | 1500 m - 5.04.0 | 656 | " |
| " hopp | 1. Dag Steinar Ragvin | 1,05 - høyde | 755 | " 72 |
| | 2. Trond Myhre | 1,00 " | 720 | " |
| | 3. Rune Engeset | 4,66 lengde | 672 | " |
| " kast | 1. Rune Engeset | 43,34 - slegge | 1016 | " |
| | 2. Tor Moe | 35,18 spyd | 734 | " 68 |
| | 3. Dag Steinar Ragvin | 3,69 kule | 630 | " |
| Menn senior løpII | 1. Hans Olav Lahus | 16,56,2 - 5000 m | 612 | " |
| | 2. Odd Tore Sletteåås | 17.16.8 | 578 | " |
| | 3. Gjermund Gåra | 17.52.7 | 520 | " |
| " vet. | 1. Bjørn Orskaug | 19.33.7 | | " |
| Rekruttar: | | | | |
| Jenter løp | 1. Ragnhild Moe | 60 m - 10,6 | 1000 | p. 75 |
| | 2. Kari Anita Forberg | 60 m - 10,1 | 980 | " 74 |
| | 3. Kristin Berge | 60 m - 9,6 | 960 | " 73 |
| " hopp | 1. Kari Anita Forberg | 3,40 - lengde | 1060 | " |
| | 2. Inger Johanne Strand | 3,66 " | 1018 | " 73 |
| | 3. Camilla Engravslia | 3,22 " | 1006 | " 74 |
| " kast | 1. Gry Teigen | 30,70 - liten ball | 967 | " 73 |
| | 2. Inger Johanne Strand | 28,04 | 901 | " |
| | 3. Kari Anita Forberg | 20,64 | 841 | " |
| Gutar løp | 1. Stein Inge Amundsen | 100 m - 16,3 | 835 | " 73 |
| | 2. Lars Petter Langkås | 60 m - 12,0 | 640 | " 75 |
| | 3. Arne Kristian Forberg | 60 m - 12,5 | 540 | " 75 |
| " hopp | 1. Arne Kristian Forberg | 2,44 - lengde | 832 | " |
| | 2. Stein Inge Amundsen | 1,05 - høyde | 775 | " |
| " kast | 1. Lars Petter Langkås | 25,15 - liten ball | 628 | " |
| | 2. Stein Inge Amundsen | 32,44 | 561 | " |
| | 3. Arne Kristian Forberg | 17,90 | 447 | " |

Pondusmeistrar

1. Ingvill Jansen
2. Tone Slangen



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI— FRI-IDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
3800 BØ I TELEMARKE

Gullknappen

Denne blir i år tildelt Eva Verpe, Bente Forberg og Rune Engeset. Alle tre hadde fleire øvelsar der dei har oppnådd over 1000 poeng: Eva i lengde (1012 p.), 100 m (1014) og 60 m (1022), Bente på 80 m hk (1040), 100 m hk (1000), 200 m hk (1017), 300 m hk (1050) og 400 m hk (1040). Rune i kule 4 kg (1002), spyd 600 gr. (1042), spyd 800 gr. (1024) og i slegge 4 kr (1056).

Innsatspokalen

Denne er gåve frå Bø sparebank og vert gjeven til den som har best resultat samanlagt i 4 øvelsar (langt og kort løp, hopp og kast).

| | | | |
|-----------------|---------------------------------|------|-------|
| Rekrutt jenter: | 1. <u>Camilla Engravslia</u> | 4051 | poeng |
| | 2. Inger Johanne Strand | 3953 | " |
| | 3. Kari Anita Forberg | 3816 | " |
| " gutar | 1. <u>Arne Kristian Forberg</u> | 2871 | " |
| | 2. Stein Inge Amundsen | 2171 | " |
| Jenter | 1. <u>Eva Verpe</u> | 4848 | " |
| | 2. Bente Forberg | 4839 | " |
| | 3. Irina Telnes | 4389 | " |
| Gutar | 1. <u>Rune Engeset</u> | 3852 | " |
| | 2. Trond Myhre | 3476 | " |
| | 3. Tor Moe | 3424 | " |

Pondusmeisterskapet

Premiane her vert gjeven av Telemarksbanken og vert vunne av dei som kan tippe nærast sine egne resultat.

Leirar

Telemark friidrettskrets arrangerer i år friidrettsleir i Eidanger for jenter og gutar, der Eva Verpe, Bente Forberg og Rune Engeset deltok. Vidare for rekruttar i Kviteseid, der Kristin og Marit Berge, Sølvi Haugen, Fride Engeset og Siri Holtung var med. Rune Engeset har dessutan vore på kastleir som vart halden av Norges friidrettsforbund.

Styret vil få retta ein takk til både bankar og firma som har gjeve økonomisk støtte, til støttegruppa og dei som har hjelpt til ved stevner, og ein spesiell takk til trenarane.

Olav Berge (form.)

Ingeborg Engeset (sekr.)

I. L. SKARPHEDIN FRIIDRETTSGRUPPE.

RESULTATKONTO PR. 2.11.83

UTGIFTER:

Kontoklasse 2, Utgifter.

| | | <u>Utgifter</u> | <u>Inntekter</u> |
|------|------------------------|-----------------|------------------|
| 20. | Administrasjonsutg. | 2.539,50 | |
| 21. | Styreutgifter | 15,- | |
| 24. | Trening, idr.materiell | 5.164,75 | |
| 25.3 | Delt. andres stevner | 7.057,- | |
| 25.4 | Reiseutgifter " | 5.406,60 | |
| 26 | Kontigent T.F.I.K | 500,- | |
| 27 | Gaver | 100,- | |
| | | 20.782,85 | |

Kontoklasse 3, stevner.

| | | | |
|-----|------------------------|----------|----------|
| 30. | Direkte stevneutgifter | 896,80 | |
| 32. | Premier, medaljer etc. | 9.024,85 | 9.921,65 |

Kontoklasse 4, Salg og andre tiltak.

| | | | |
|-----|---------------|-----------|-----------|
| 47. | Arrangementer | 459,85 | |
| 42. | Julekalender | 12.454,90 | 12.914,75 |

INNTEKTER:

Kontoklasse 3 egne stevner

| | | | |
|-----|----------------|--|---------|
| 38. | Startkontigent | | 6.139,- |
|-----|----------------|--|---------|

Kontoklasse 4 Salg og andre tiltak

| | | | |
|------|-------------------------|-----------|-----------|
| 40. | Salg av skarphedintrøye | 50,- | |
| 48.2 | Bingoinntekter | 10.734,51 | |
| 48.4 | Utlodning avsl.fest | 549,- | |
| 48.3 | Innt. julekalender | 28.300,- | 39.633,51 |

Kontoklasse 7 Tilskudd

| | | | |
|----|--------------------|---------|---------|
| 78 | Idr. kontaktutvalg | 4.500,- | 4.500,- |
|----|--------------------|---------|---------|

Kontoklasse 8 Andre innt/gaver

| | | | |
|----|----------------------|--------|--------|
| 80 | Gave fra Telemarksb. | 178,20 | |
| 88 | Renteinnt. bank | 693,35 | 871,55 |

Overskudd

| | |
|-----------|-----------|
| 43.619,25 | 51.144,06 |
| 7.524,81 | |

| | |
|------------------|------------------|
| <u>51.144,06</u> | <u>51.144,06</u> |
|------------------|------------------|

I. L. SKARPHEDIN FRIIDRETTSGRUPPE.

BALANSEKONTO PR. 2/11-83

AKTIVA:

| | |
|-----------------|-----------|
| Kasse | 48,15 |
| Bø Sparebank | 16.335,65 |
| Telemarksbanken | 3.363,20 |
| Postgiro | 16,- |

==== 19.763,-====

PASSIVA:

| | |
|------------------|-----------|
| Beholdn. 2/11-82 | 12.238,19 |
|------------------|-----------|

| | |
|------------------|-----------------|
| <u>Overskudd</u> | <u>7.524,81</u> |
|------------------|-----------------|

==== 19.763,-====

Bø, 8. nov. 1983

Åse Lepperød

Åse Lepperød
kass.

Olav Berge
form.

Ingv. Øya
Ingv. Øya
revisor



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI— FRI-IDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
3800 BØ I TELEMARK

Fotballgruppas regnskap fra 31/10 1982 til 31/10 1983.

| | <u>UTGIFTER</u> | <u>INNTEKTER</u> |
|-------------------------------|-----------------|------------------|
| Reiseutgifter | kr 22688,60 | kr 4900,- |
| Kamper | " 20919,80 | " 18298,- |
| Dansefester | " 14937,60 | " 25505,25 |
| Bø - dagene | " 54407,15 | " 84500,- |
| Matriell | " 32139,40 | " 0,- |
| Kiosken på Sandvoll | " 34940,45 | " 53773,15 |
| Drift av bussar | " 35903,10 | " 39061,50 |
| Draktevask | " 8380,- | " 0,- |
| Telefon, porto, kopiering m.m | " 2866,80 | " 0,- |
| Gaver, premier | " 3061,20 | " 768,- |
| Honorar/ reiseutgifter trenar | " 30000,- | " 0,- |
| Avgifter til kretsen/ n.f.f. | " 10044,- | " 0,- |
| Møter, avslutning etc. | " 4179,80 | " 0,- |
| Reklameinntekter | " 0,- | " 41100,- |
| Kulturmidler | " 0,- | " 4500,- |
| Kakebasar | " 0,- | " 6289,- |
| Deltakeravgift | " 0,- | " 15000,- |
| Norway Cup | " 20720,- | " 11400,- |
| Treningsleir A - laget | " 29140,- | " 5250,- |
| Lotteri | " 1164,- | " 15610,75 |
| Loppemarked | " 564,30 | " 4536,- |
| Spilleroverganger | " 7000,- | " 1000,- |
| Renter | " 10266,- | " 487,- |
| Annonser | " 1203,30 | " 0,- |
| Kurs | " 1017,50 | " 0,- |
| Bingo | " 0,- | " 10734,51 |
| Tivoli | " 0,- | " 6600,- |
| Diverse | " 165,- | " 0,- |
| " Bø - Tipsen" | " 80,- | " 2438,60 |
| | <hr/> | <hr/> |
| | kr 345788,- | kr 351751,76 |
| Overskudd | " 5963,76 | |
| | <hr/> | <hr/> |
| | kr 351751,76 | kr 351751,76 |



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI— FRI-IDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
3800 BØ I TELEMARK

Beholdninger / Lån :

Pr. 31/10 1982.

Pr. 31/10 1983.

| | Beholdning: | Lån: | Beholdning: | Lån: |
|--------------------|--------------------|-----------------|---------------------|---------------------|
| Kassa | kr 2132,95 | | kr 3292,40 | |
| Bø Sparebank folio | " 604,90 | | | kr 7289,79 |
| Bø Sparebank | " 8000,- | | | |
| Sparebank lån | " | 127888,- | " | 107189,- |
| | <u>kr 10737,85</u> | <u>127888,-</u> | <u>kr 3292,40</u> | <u>kr 114478,79</u> |
| | " 117150,15 | | " 111186,39 | |
| | <u>kr 127888,-</u> | <u>127888,-</u> | <u>kr 114478,79</u> | <u>kr 114478,79</u> |

Overskudd 31/10 1982 - 31/10 1983

kr 5963,76

Beholdninger / Gjeld 31/10 1982

" 117150,15

Beholdninger / Gjeld 31/10 1983

kr 111186,39

i Bø Sparebank ikkje regnsk. ført beholdning " Bø - tipsen" kr 7791,40

Bø, 31/10 1983

Sigbjørn Tjønnås
.....
Sigbjørn Tjønnås
kass.

Ingvald Øya
.....
Ingvald Øya
reve

Skarphedin håndballgruppe 1982/83.

RESULTATREKNESKAP

UTGIFTER:

| | |
|---------------------|------------------|
| Kjøreutg. | 2.320,- |
| Treningstøy | 6.905,- |
| Driftsutg. buss | 8.404,15 |
| Forbruksmateriell | 4.058,- |
| Div. utg. | 6.465,96 |
| Turneringsutg. | 27.785,80 |
| Utgifter til | |
| festar/turnering. | 12.116,25 |
| Bevertningsutg. | 1.114,35 |
| Kontigent kretsen | 7.600,- |
| Kontigent forbundet | 710,- |
| Halleige | 1.944,- |
| Forsikring | 2.040,- |
| | <u>81.463,51</u> |

INNTEKTER:

| | |
|-------------------------|------------------|
| Salg av overtr.drakter | 150,- |
| Driftsinnt. buss | 1.351,- |
| Div. inntekter | 869,84 |
| Innbet. på turn.,festar | 29.013,70 |
| Salgsinntekter | 7.174,25 |
| Treningsavg. | 4.000,- |
| Dugnadsinntekter | 1.400,- |
| Kulturmidlar | 3.100,- |
| Tilskot Telemarksbanken | 10.000,- |
| Renter | 2.084,35 |
| Underskot | <u>15.970,37</u> |
| | <u>81.463,51</u> |

I kasse og bank 1.4.82.

| | |
|---------------|-----------------------|
| Kasse | 191,35 |
| Bø Sparebank | 50.515,77 |
| Telemarksbank | 1.847,64 |
| | <u>= kr 52.554,76</u> |

I kasse og bank 1.4.83.

| | |
|-----------------|-----------------------|
| Kasse | 191,35 |
| Bø Sparebank | 27.389,80 |
| Telemarksbanken | 9.003,24 |
| | <u>= kr 36.584,39</u> |
| Underskot | <u>kr 15.970,37</u> |

Bø, 21.4.83.
G. Fremgård
 Gunvor Fremgård
 Kasserar

Logvald Øya
 Logvald Øya
 Revisor

SKARPHEDIN HANDBALLGRUPPE 1982/83.

Økonomigruppa.

UTGIFTER:

| | |
|------------------------------|------------------|
| Basarutg. | 1.463,55 |
| Utg. kakebasar | 406,15 |
| Innkj. til salg turnering | 12.656,31 |
| Tilstelningar | 762,57 |
| Kjøp av kassetar | 3.216,- |
| Overskot | 30.550,97 |
| | <u>49.055,55</u> |

INNTEKTER:

| | |
|----------------|------------------|
| Basarinntekter | 18.046,85 |
| Kakebasarar | 14.000,50 |
| Salg turnering | 15.234,30 |
| Tilstelningar | 890,90 |
| Renter | 883,- |
| | <u>49.055,55</u> |

Beholdning 1.4.82

Overskot

Beholdning 1.4.83

kr. 1.221,-

" 30.550,97

kr 31.771,97

Revisor

Ingvald Øya sign.



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI — FRI-IDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
3800 BØ I TELEMARKE

REKNESKAP FOR I.L. SKARPHEDINS SKIGRUPPE 1982 -83

| | <u>Utgifter</u> | <u>Inntekter</u> |
|---------------------------|-----------------|------------------|
| Skirenn-skifest | kr. 14.557,10 | kr. 6.392,- |
| Festar - møter | " 28.685,75 | " 41.599,- |
| Gåver - bingo | " | " 14.436,11 |
| Kontorutgifter | " 827,90 | |
| Renter | | " 1.494,02 |
| Forsikring anlegg | " 1.174,- | |
| Utg. hopp | " 1.724,40 | |
| Diverse | " 1.958,50 | |
| Overført alpin - langrenn | " 18.000,- | " |
| | <hr/> | <hr/> |
| | kr. 66.927,65 | kr. 63.921,13 |
| Balanse | | " 3.006,52 |

kr. 66.927,65 ===== kr. 66.927,65

Behaldning:

| | <u>26.4. 82</u> | <u>26.4. 83</u> |
|--------------------------|-----------------|-----------------|
| Kasse | kr. 3.696,15 | kr. 675,35 |
| Bø sparebank 21.19766 | " 2.697,10 | " 2.364,60 |
| Telemarksbanken 30.22442 | " 4.654,22 | " 4.181,22 |
| " 63.23524 | " 10.930,38 | " 11.750,16 |
| | <hr/> | <hr/> |
| | kr. 21.977,85 | kr. 18.971,33 |
| Balanse | " | " 3.006,52 |
| | <hr/> | <hr/> |
| | kr. 21.977,85 | kr. 21.977,85 |
| | ===== | ===== |

Bø, den 26.4.1983

Ingeborg Engeset
Ingeborg Engeset

Kasserar

Ingvald Øya
Ingvald Øya
revisor

I.L SKARPHEDIN - SKIGRUPPA, REKNESKAPSAMANDRAG FOR 1982-1983.

BEHOLDNINGAR-RESULTAT

| Alpingruppa: | 1982 | 1983 | Ovesk./underskot |
|------------------|------------------|------------------|-------------------|
| Kasse | 846,06 | 1.234,85 | |
| Bank | 31.981,53 | 25.358,73 | - 6.234,01 |
| Langrenn: | | | |
| kasse | 804,20 | 287,05 | |
| Bank | 11.841,63 | 27.267,13 | + 14.908,35 |
| "Skigruppa": | | | |
| Kasse | 3.696,15 | 675,35 | |
| Bank | 18.281,70 | 18.295,98 | - 3.006,52 |
| Sum | <u>67.451,27</u> | <u>73.119,09</u> | <u>+ 5.667,82</u> |

Øvre Bø, 26/4-83

Ingvald Øya
Ingvald Øya
Revisor.

Rekneskapsoversyn for Skarphedins Langrennsgruppe 1982/83.


| | <u>Inntekter.</u> | <u>Utgifter.</u> |
|---------------------------------|----------------------------|----------------------------|
| Basarar og utlodning | kr. 14.374.35 | |
| Gaver frå Telemarksbanken | " 11.000.00 | |
| Tilskudd frå Fylket(kulturmid.) | " 6.500.00 | |
| Fordeling frå Skigruppa | " 9.000.00 | |
| Inntekter av Scooter | " 640.00 | |
| Renteinntekter | " 729.50 | |
| Samlingar | | kr. 2.305.00 |
| Treningsutgifter | | " 9.011.40 |
| Utgifter ved renn & stafettar | | " 6.601.05 |
| Utgifter til utstyr | | " 3.105.80 |
| Køyreutgifter | | " 4.992.30 |
| Gaver | | " 528.00 |
| Porto, telefon etc. | | " 791.95 |
| | <hr/> kr. 42.243.85 | kr. 27.335.50 |
| Balanse | | " 14.908.35 |
| | <hr/> <u>kr. 42.243.85</u> | <hr/> <u>kr. 42.243.85</u> |

Beholdningar 17/4-82.

| | |
|-------------------|----------------------------|
| Kassa | kr. 804.20 |
| Telemarksbanken | " |
| kto.8156 30 23546 | 11.841.63 |
| | <hr/> <u>kr. 12.645.83</u> |

Beholdningar 16/4-83.

| | |
|--------------------|----------------------------|
| Kassa | kr. 287.05 |
| Telemarksbanken | " |
| kto. 8156 30 23546 | 17.267.13 |
| Telemarksbanken | " |
| Invisteringskonto | 10.000.00 |
| | <hr/> <u>kr. 27.554.18</u> |


 Revisor (1)



 Kasserar.

REKNESKAP FOR ALPINGRUPPA I SKARPHEDIN FRÅ 26/4-83 TIL 20/4-83.

| Utgifter: | | Inntekter: | |
|--------------------|--------------------|-----------------------|----------------------|
| Utg. til utlodning | 1.618,48 | Startkontingent | 3.028,50 |
| Reiseutgifter | 1.316,00 | Utlodning/salg | 36.464,62 |
| Driftsutgifter | 2.916,55 | Frå skigruppa | 9.000,00 |
| Utg. til løype | 64.562,65 | Bet. for portar | 300,00 |
| Annonsering m.v. | 4.640,20 | Reklameinntekter | 12.800,00 |
| Premiar | 7.566,00 | Gave frå Støttegruppa | 9.000,00 |
| Gåver | 2.146,00 | Retur av premiar | 1.020,00 |
| Div. utgifter | 691,00 | Div. inntekter | 1.500,00 |
| | | Renter | 812,75 |
| | | Underskot | <u>6.234,01</u> |
| Sum | <u>==85.159,88</u> | Sum | <u>==85.159,88==</u> |

| | | | |
|-----------|----------|------------------|---------------------|
| I kassa | 26/4-82: | 846,06 | |
| I bank | 26/4-82: | <u>31.981,53</u> | = 32.827,59 |
| I kassa | 20/4-83: | 1.234,85 | |
| I bank | 20/4-83: | <u>25.358,73</u> | = 26.593,58 |
| Underskot | | | <u>kr. 6.234,01</u> |

Gunvor Hellestad
Kasserar.
(sign.)


Ingvald Øya
Revisor.

Driftsregnskap sykkelgruppa.

| | <u>Utgifter</u> | <u>Inntekter</u> |
|-------------------|------------------|------------------|
| Administrasjon | 9 306,35 | 1 280,- |
| Tilstelninger | 2 856,- | 8 717,65 |
| Materiell | 2 264,- | 400,- |
| Tilskot m.v. | 3 400,- | 18 000,- |
| Aktive | 6 260,- | |
| Transport Haukeli | 13 000,- | 12 100,- |
| Haukeliruta | 34 040,70 | 40 340,- |
| Danmarkstur | 15 580,49 | 8 325,- |
| Sykkelarr. m.v. | 5 662,22 | 3 810,- |
| Renter | | 462,73 |
| | <u>92 369,76</u> | <u>93 435,38</u> |
| Driftsoverskudd | 1 065,62 | |
| Balanse | <u>93 435,38</u> | <u>93 435,38</u> |

| | |
|------------------------------------|-----------------|
| Beholdning ved regnskapets åpning: | 1 378,61 |
| Driftsoverskudd | 1 065,62 |
| Beholdning ved regnskapets slutt | <u>2 444,23</u> |

Beholdningen er plassert slik:

| | |
|---------------------------------|---------------------|
| Postgirokonto nr. 5 95 84 26 | kr. 761,77 |
| Telamrksbanken - konto 30.16515 | " 1648,46 |
| Sparebanken - konto 07.04122 | " 34,- |
| Sum: | <u>kr. 2 444,23</u> |

Bø i Telemark, den 21/10-83.
Bjørn Vegum (s) - kasserer i sykkelgruppa.

Dei framlagde bilaga er kontrollerte mot kassabok og funne
i orden. Beholdningane stemmer.
Ø.Bø, den 2/11 1983.

Ingvald Øya (s)

Spesifert sammendrag for hovedpostene.

Administrasjon.

| | <u>Utgifter</u> | <u>Inntekter</u> |
|----------------------|-----------------|------------------|
| Engangslisenser | 1 280,- | 1 280,- |
| Rekvisita m.v. | 814,50 | |
| Anonser | 653,40 | |
| Porto, frakt m.v. | 1 052,- | |
| Reiser, kont., møter | 1 310,45 | |
| Blomster, gaver m.v. | 1 140,- | |
| Sjøormpokåler | 3 056,- | |
| | <hr/> | |
| | 9 306,35 | 1 280,- |

Tilstelninger.

| | | |
|--------------|----------|----------|
| Julelotteri | | 4 566,75 |
| Julesjau | | 1 500,- |
| Haukelikveld | 500,- | 2 470,- |
| Anonser | 1 507,30 | 180,90 |
| Mat m.v. | 848,70 | |
| | <hr/> | |
| | 2 856,- | 8 717,65 |

Materiell.

| | | |
|--------------|---------|-------|
| Sykkeltrøyer | 1 994,- | 400,- |
| Reip | 270,- | |
| | <hr/> | |
| | 2 264,- | 400,- |

Tilskot m.v.

| | | |
|-----------------|---------|----------|
| Telemarksbanken | | 10 000,- |
| Bø Hotell | | 3 500,- |
| Kulturmidler | | 4 500,- |
| Turritt-tilskot | 3 400,- | |
| | <hr/> | |
| | 3 400,- | 18 000,- |

Aktive.

| | | |
|------------|--|---------|
| Tilskot | | 6 000,- |
| Lisenser | | 200,- |
| Forsikring | | 30,- |
| Startkont. | | 30,- |
| | | <hr/> |
| | | 6 260,- |

Transport Haukeliruta.

| | | |
|------------------------|----------|----------|
| Innbet/rtur busspenger | 900,- | 12 100,- |
| Bet. til VTB | 9 900,- | |
| Bet til HSD | 2 200,- | |
| | <hr/> | |
| | 13 000,- | 12 100,- |

Haukeliruta

| | <u>Utgifter</u> | <u>Inntekter</u> |
|------------------------|-----------------|------------------|
| Portoutgifter | 2 904,- | |
| Rekvisita | 654,05 | |
| Anonser | 2 729,45 | |
| Startkont* og retur | 1 050,- | 40 340,- |
| Medaljer | 4 763,80 | |
| Overnatt.Odda | 860,- | |
| Godtgjørelser hjelpere | 4 300,- | |
| " kjøring m.v. | 1 552,90 | |
| Mat, saft. | 14 505,75 | |
| Politi | 720,75 | |
| | <hr/> | |
| | 34 040,70 | 40 340,- |

Danmarkstur.

| | | |
|-------------------------|-----------|---------|
| Pakketur | 6 660,- | |
| Depositum | 6 020,- | 6 000,- |
| Transport | 1 734,- | 1 400,- |
| Drikkepenger middagen | 85,- | |
| Lugar oppreisen | 140,- | |
| Vask, strøm leiligheter | 941,49 | |
| Innbet. deltakeravgift | | 925,- |
| | <hr/> | |
| | 15 580,49 | 8 325,- |

Sykkelarr. m.v.

| | | |
|-----------------|----------|---------|
| Mat, saft, m.v. | 1 670,76 | |
| Merker | 1 611,- | 1 560,- |
| Anonser | 980,46 | |
| Premier | 1 000,- | |
| Startkont. | 400,- | 2 250,- |
| | <hr/> | |
| | 5 662,22 | 3 810,- |

Renter.

| | | |
|------------------------|--|--------|
| Renter Telemarksbanken | | 428,73 |
| " Sparebanken | | 34,- |
| | | <hr/> |
| | | 462,73 |

I.L. SKÅRPHEIDIN

Turngruppe

REGNSKAP 1982/83

RESULTATREGNSKAP.

| UTGIFTER. | | INNTEKTER. | |
|---------------------------------|-------------------------|--|---------------------------|
| <u>2. Utgifter</u> | | <u>2. Utgifter</u> | |
| 20. Adm.utgifter | 488,30 | 24. Tilbakebet. kursavg. | 250,- |
| 21. Turnting | 690,- | 26. " medl.avg. | <u>107,-</u> 357,- |
| 23. Kursutg. adm. | 100,- | <u>4. Salg og andre tiltak</u> | |
| 24. Trening, instr., materialer | 11195,20 | 43. Innt. mannequinoppv. | 9723,- |
| herav lønn 6390,- | | 48. Innt. div tiltak | <u>12584,51</u> 22.307,51 |
| herav turndrakter 1238,- | | herav bingo 10734,51 | |
| 25. Utg. turnstevner | 2227,55 | <u>7. Off. tilskudd og tilsk. fra idrettslag</u> | |
| 26. Kontingenter | 107,- | 78. Apparattilskudd | 2500,- |
| 27. Gaver | <u>173,35</u> 14.980,40 | 79. Kulturmidler | <u>4500,-</u> 7.000,- |
| <u>4. Salg og andre tiltak</u> | | <u>8. Andre inntekter, gaver, bidrag</u> | |
| 42. Loddøalg NGTF | 800,- | 84. Treningsavgift | 2275,- |
| 44. Utg. mannequinoppv. | 3102,50 | 88. Renteinntekter | 773,- 3.048,- |
| 47. Utg. v/div.tiltak | <u>730,85</u> 4.633,35 | | |
| Overskudd | | | |
| | <u>13.098,76</u> | | |
| | <u>32.712,51</u> | | <u>32.712,51</u> |

STATUS.

AKTIVA:

| | |
|------------------------|------------------|
| 100 Kasse | 1.178,03 |
| 102 Kasse Bø sparebank | 19.199,52 |
| 103 Sparekto. " | <u>12.983,80</u> |
| | <u>33.361,35</u> |

PASSIVA:

| | | |
|---------------|------------------|------------------|
| Kapitalen var | 20.262,59 | |
| + overskudd | <u>13.098,76</u> | 33.361,35 |
| | | <u>33.361,35</u> |

Bø, 14. november 1983

Ase E. Aare /s/
kasserer

Dei framlagde bilaga er kontrollerte mot kassaboka og funne i orden.

Beholdningane stemmer.

Bø, 14. november 1983

Ingvald Øya /s/

revisor

Rekneskapoppstilling for Skarphedin Støttegruppe.

Taps og vinningskonto.

Utgifter:

| | |
|------------------------|---------------------|
| Tilstellingar | kr. 1.192.75 |
| Gåver Skarph.langr.gr. | " 3.000.00 |
| Telefon og porto | " 50.00 |
| Overskot | " 3.428.20 |
| | <u>kr. 7.670.95</u> |
| | ===== |

Inntekter:

| | |
|-----------------|---------------------|
| Matsalg skirenn | kr. 215.05 |
| Kakebasarar | " 6.985.90 |
| Renter | " 470.00 |
| | <u>kr. 7.670.95</u> |
| | ===== |

Balansekonto.

Eige:

| | |
|---------------------|----------------------|
| Kassebeholdning | kr. 77.55 |
| Bø Spareb. 21.58923 | " 3.000.00 |
| Bø Spareb. 21.18379 | " 11.313.92 |
| | <u>kr. 14.391.47</u> |
| | ===== |

Gjeld:

| | |
|--------------|----------------------|
| Eigenkapital | kr. 14.391.47 |
| | <u>kr. 14.391.47</u> |
| | ===== |

Bø, den 31.10.83.


revisor


kasserar



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI — FRIDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
5800 BØ I TELEMARK

REKNESKAPEN FOR HOVDGRUPPA i I.L. SKARPHEDIN 30.11 1982 -29.11 1983.

RESULTATKONTO

| | | <u>Utgifter</u> | <u>Inntekter</u> |
|---|----------------|------------------|------------------|
| <u>Kontokl.2. Utgifter</u> | | | |
| 20 Administrasjonsutg. | 8 970,85 | | |
| 26 Tilskot (N.Handic.forb.) | <u>100,-</u> | 9 070,85 | |
| <u>Kontokl.3. Stevner m.v.</u> | | | |
| "Junispretten", Bømarsjen | | | 108,75 |
| <u>Kontokl.4. Sal ,tiltak</u> | | | |
| 47.Utgifter ved div.tiltak | 726,- | | |
| + 42.Bingoavgift overført Bingorekneskapen | <u>520,-</u> | 206,- | |
| <u>Kontokl.8. Andre inntekter</u> | | | |
| 81.Kontingentar | 15 015,- | | |
| 88.Renteinntekter | <u>1 048,-</u> | | 16 063,- |
| | | 9 276,85 | 16 171,75 |
| | | 6 894,90 | |
| Overskot - til egenkapital | | <u>16 171,75</u> | <u>16 171,75</u> |

Balansekonto (Status) pr.29.11. 1983.

| | | <u>Aktiva</u> | <u>Passiva</u> |
|--|-----------------|------------------|------------------|
| <u>Kontokl.1. Eiendelar gjeld, kapital</u> | | | |
| 10 Kasse | | 176,40 | |
| 10 Bø Sparebank (21.35028) | | 22 003,90 | |
| 11 Verdipapir | | 100,- | |
| 13 Premiesamling | | 2 100,- | |
| 13 Arkivskap | | 8 148,- | |
| 14 Sølvmerker | | 676,- | |
| 15 Tøymerker | | 2 000,- | |
| 19 Eigenkap. 30.11.-82 | 28 309,40 | | |
| + Overskot 1983 | <u>6 894,90</u> | | 35 204,30 |
| | | <u>35 204,30</u> | <u>35 204,30</u> |

Arne Bergan (kasserar)

Jørgen Nymoen
Revisor

Ingvald Øya
Revisor

Arne Bergan



I. L. «SKARPHEDIN»
SKI – FRI-IDRETT – FOTBALL – HÅNDBALL – TURN
3800 BØ I TELEMARK

BINGOREGNSKAPET FOR SKARPHEDIN I.L. 82/83

| | | |
|----------------------|---------------------|---------------------|
| Inntekt bingo | | Kr.59.826,70 |
| Inntekt"21" | | " 36.476,05 |
| Renter | | " 565,00 |
| Annonser | Kr.7.736,40 | |
| Materiell | " 18.782,80 | |
| Husleige | " 15.000,00 | |
| Andre utg. | " 1.926,00 | |
| Overf. frå 81/82 | | " 250,00 |
| Oversk. kr.53.672,55 | | |
| fordeilas slik: | | |
| Skigruppe | " 10.734,51 | |
| Fotball | " 10.734,51 | |
| Håndball | " 10.734,51 | |
| Turn | " 10.734,51 | |
| Friidrett | " 10.734,51 | |
| | <u>Kr.97.117,75</u> | <u>Kr.97.117,75</u> |



Ingvald Øya
revisor



Grete Fjorberg
Kasserar

VAL

Framlegg frå valkomitéen (Gerd Evelyn Flaen, Åsne Brennekåsa og Trygve Espedalen).

| | |
|----------------------------------|---|
| Formann: | Olav Solberg (gj.v.) |
| Nestformann: | Jørgen Berntsen (ny) |
| Kasserar: | Augon Eika (ny) |
| Sekretær: | Ellen Røttingen (ikkje på val) |
| Styremedlem: | Per Holtung (ikkje på val) |
| 1. vararepr. | Olav Berge (ny) |
| 2. vararepr. | Bergit Griver Forberg (gj.v.) |
| Revisorar: | Ingvald Øya (gj.v.) Jørgen Nymoene (gj.v.) |
| Kontaktutvalet: | Jørgen Berntsen (ny) |
| Rekneskapsfører for lysløypa: | Roald Vreim (gj.v.) |
| Kontaktmann for ut- danning: | Olav Solberg (gj.v.) |
| 17.mai-nemnd: | Hedvig Orekåsa (ny) Halvor Lars Langkås (ny) Torvald/Petra Amundsen (nye) |
| Valnemnd: | Arne Hatlen (ny) Eli Myhre (ny) Gunvor Fremgård (ny) |

Opplysning av Sandvollstyret.

Denne saka har bakgrunn i eit utspel frå Bø kommunestyre om å oppløyse ein del nemnder og utval i kommunen, deriblant samarbeidsutvalet for Sandvoll/Sandvin og Sandvollstyret. Samarbeidsutvalet har ein representant frå Skarphedin, ein frå Bø tråvarlag, to representantar frå Bø ungdomslag og ein frå kommunen. Sandvollstyret har ein representant frå Skarphedin, ein frå Bø tråvarlag og ein frå Bø kommune.

Det blir hevda frå kommunen at den nåverande ordninga som gjeld for Sandvoll er tungvinn, særleg ved at det er Sandvollstyret som har ansvar for framdrift og gjennomføring av saker som knyter seg til Sandvoll, mens teknisk etat har fagekspertise (og tid) til å planleggje og vurdere alternativ. Dessutan blir økonomien styrt frå formannsskapskontoret.

Formennene i Skarphedin og Bø tråvarlag var i møte med ordførar og rådmann 14.7 i år, og hovudstyret drøfta saka 7.9. Hovudstyret har ingen prinsipielle merknader til at desse nemndene blir oppløyste - og kan ikkje sjå at nokon av dei er nødvendige for ei effektiv styring av Sandvoll. Hovudstyret meiner likevel at ein **må** sjå nærmare på den avtalen som nå gjeld for bruk av Sandvoll (skøytet) i samband med ei oppløysing. Det er **m.a.** viktig å sikre seg at Sandvollanlegget blir halde skikkeleg i stand - gjennom avtale. Hovudstyret legg saka fram for årsmøtet med følgjande framlegg til vedtak:

Skarphedin kan gå inn for at samarbeidsutvalet for Sandvoll/Sandvin og Sandvollstyret blir oppløyste, men ser det da som nødvendig at gjeldande bruksavtale blir revidert, og at ein kjem fram til ei ordning som sikrar eit rimeleg vedlikehald.

Trimutvalet.

Det nye trimutvalet har i løpet av året kome godt i gang med arbeidet sitt, bl.a. idrettsmerkeprøver, Bø-marsj, Junisprett og andre trimtiltak. Hovudstyret ser det som naturleg at utvalet er representert i hovudstyret.

Framlegg til vedtak:

Trimutvalet blir representert med eit medlem i hovudstyret, med same rettar og plikter som dei andre. Utvalet peikar sjølv ut ein representant for 1984.



I. L. «SKARPHEDIN»

SKI— FRI-IDRETT — FOTBALL — HÅNDBALL — TURN — SYKKEL
3800 BØ I TELEMARKE

Rekneskap for lysløypa frå 30.11.82 til 22.11.83

| | <u>Utgifter:</u> | <u>Inntekter:</u> |
|----------------------------------|---------------------|---------------------|
| Straumleige | kr. 2.733,90 | |
| Grunnleige | " 2.840,- | |
| Reparasjon/forsikring Snøscooter | " 1.213,40 | |
| Bensin/olje - " - | " 2.578,40 | |
| Rep. el.anlegg i lysløypa | " 1.047,30 | |
| Lyspærer " " | " 3.627,50 | |
| Straumleige Gullbring | " 0,00 | |
| Rep. el.anlegg i Gullbring | " 150,- | |
| Renteutgifter | " 3.555,- | |
| Renteinntekter | | kr. 53,75 |
| Tilskott frå Bø kommune | | " 18.000,- |
| | <hr/> | <hr/> |
| | kr.17.745,50 | kr.18.053,75 |
| Balanse/overskot | " 308,25 | |
| | <hr/> | <hr/> |
| | kr.18.053,75 | kr.18.053,75 |
| <u>Lån:</u> | <u>pr. 30.11.82</u> | <u>pr. 22.11.83</u> |
| Bø Sparebank nr.05.02392 | kr.20.657,47 | kr.23.373,97 |
| - " - " 81.55047 | " 5.387,- | " 4.916,- |
| Telemarksbanken " 80.06232 | " 7.500,- | " 5.000,- |
| | <hr/> | <hr/> |
| | kr.33.544,47 | kr.33.289,97 |
| <u>Bankinnskot:</u> | | |
| Bø Sparebank kr.898,34 | | kr.943,34 |
| Telemarksbanken " 174,96 | 1.073,30 | " 183,71 1.127,05 |
| | <hr/> | <hr/> |
| | kr.32.471,17 | kr.32.162,92 |
| Balanse/overskot | | 308,25 |
| | <hr/> | <hr/> |
| | kr.32.471,17 | kr.32.471,17 |

Bø, den 22. november 1983

Roald Vreim
Roald Vreim

kass.

Bø, den 23.11.83

Ingvald Øya
Ingvald Øya
revisor.